



Referat frå møte i administrativ styringsgruppe 16. januar 2019

Til stade:

Stig Arne Thune, Marit Hagevik, Jostein Aanestad, Åslaug Brende, Marianne Skjeldestad Hove, Arne Abrahamsen, Ole Gunnar Krakhellen, Svein Arne Skuggen Hoff og Odd Arve Rakstad

Meldt forfall:

Arne Abrahamsen

1/2019 Organisasjonsnummer

Det er naudsynt å få etablert eit eige organisasjonsnummer for nye Sogndal kommune.

Konklusjon:

Marit vil ta kontakt med Brønnøysundregisteret/SSB å bestille organisasjonsnummer den nye kommunen.

2/2019 Arbeidsgjevarkontroll

Fleire kommunar har sagt opp avtale med Årdal og det vart vist til rapport frå Skatt vest som viser at krav til ordninga ikkje er innfridd slik den er i dag.

Lærdal har sagt seg villig til å ta på seg vertskommunesamarbeid i forhold til arbeidsgjevarkontrollen, dette då som ein utviding av ordninga som Årdal har i dag.

Det betyr at ein, i løpet av oppseiingsperioden må ta stilling til om ein ønskjer å drifte arbeidsgjevarkontrollen i eigen regi, eventuelt går inn i avtale med Lærdal som vertskommune på feltet. Luster har gjeve signal på at dei finn Lærdal interessant.

Konklusjon:

Prosjektrådmann vil ta samtale med Arne Johansen om det som er kome fram frå rådmennene i møtet. Han vil der gje melding om at vi, dei første 2 komande år, er bunde av avtalen med Årdal – men at vi er positiv til at avtalen gjerne kan transporterast til Lærdal på gjeldande vilkår.

Elles vart ein samd i møtet om at ein, etter oppseiingstida på 2 år, må etablere eit felles kontor for heile indre Sogn på dette området – og slik skape eit robust fagmiljø.

Primærønske ville vere å få til eit slikt miljø i nye Sogndal kommune, men om ordninga med Lærdal fungerer – kan dette vere eit godt alternativ.



3/2019 Vedtekter skule og barnehage

Ole Gunnar gjer greie for prosess knytt til nye vedteker for skule og barnehage i nye Sogndal kommune.

Forslag om at FN handsamar og fattar vedtak 24. januar 2019, medan dei tre kommunane vedtek i førstkommande kommunestyre deretter. Dette fordi vedtektene vert gjeldande frå august 2019, før nye Sogndal er ein realitet. I saksutgreiinga vert nokre imøtekomne innspel i høyringa vil verte ivareteke.

Ordensreglement vert vedteke i administrativ styringsgruppe – om dette vert gjort kan det bli gjort gjeldande frå 01.08.2019.

Konklusjon:

Vi tek saka til FN – med vedtak – ut. Deretter vert saka handsama i dei tre kommunestyra, gjennom formannskapet og vidare til kommunestyre.

4/2019 Interkommunale avtalar

Dei interkommunale avtalane som involverer dei tre kommunane må takast i 2019. Alle andre avtalar i respektive kommunar vert transportert inn i den nye kommunen.

Det betyr at dei interkommunale avtalene som nå er sagt opp er dei ein må følgje opp i 2019.

I vedtak frå fellesnemnda i sak 38/18 er det gjeve mandat til prosjektrådmann, med frist til juni 2019. Dette vedtaket vert førande for vidare prosess.

Konklusjon:

Prosjektrådmann legg opp ein prosess med dei andre kommunane i regionen for gjennomgang av dei interkommunale avtalane. Som ein del av dette vil vi vurdere samarbeidsform og samarbeidsomfang, t.d. om fleire ynskjer å ta del i samarbeida.

5/19 Innkjøpsavtalar

Frå 01.01.2020 opphøyrer fylkeskommunen sin oppfølging knytt til innkjøp. Vestland fylke vil nok ikkje gje tilsvarande tilbod til kommunane som Song og Fjordane fylkeskommune har gjort gjennom SFFI.

Konklusjon:

Dette vert følgt opp vidare av Marianne og Stig Arne.



6/2019 Interkommunale selskap og aksjeselskap

Ein hadde ein gjennomgang av skjema med oversikt over dei interkommunale selskapa og akseselskapa – for innspel og kommentarar. Kommentarar vart ført direkte inn i skjema.

Vest norsk Brusselkontor

Konklusjon

Svein Arne sjekke ut om ein kan unngå innbetaling for 2019, slik at denne kan dekkas av prosjekt nye Sogndal.

7/2019 Bustad og tildelingskontor

Ein drøfta etablering av eit felles bustad- og tildelingskontor. Åslog gjer greie for arbeidsmodell og tilnærming.

Konklusjon

Åslog tar hovudansvar og sikrar samarbeid om etablering av eit felles bustad- og tildelingskontor i nye Sogndal kommune. Dette arbeidet skal etablerast gjennom eksisterande strukturer og arbeidsgrupper i eige prosjekt.

8/2019 YMSE

a) Oppfølging av sak frå referat frå førre møte.

Finansreglement, økonomireglement og delegeringsreglement. Jostein foreslår å gjere bruk av eksisterande reglement på området. Prosjektet eig dette arbeidet, men flott om det vert løfta fram for drøfting i dette møtefora. Jostein sender over aktuelle reglement for drøfting. Prosjektrådmann vil gjerne ha desse reglementa i neste veke.

b) Regionrådssamarbeid

Det vert vist til invitasjonar til møte i administrativ styringsgruppe som kanskje kolliderer med møter i regionrådet i Førde 15. februar 2019 og på Voss 6. februar 2019. Jostein skal delta på møtet i Førde. Svein Arne deltek på møtet på Voss.

Sogn og fjordane strategisamling vert helde 4. og 5. februar 2019 i Loen.

6. og 7. februar 2019 fellessamling KS / Gardermoen – Marit og Marianne + hovudtillitsvalde og prosjektrådmann deltek på denne samlinga frå prosjektet.